



## Statens vegvesen

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Behandlande eining:  
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:  
Ingelin Garen / 55516345

Vår referanse:  
20/113785-2

Dykkar referanse:  
20/10133 –  
20/35945

Vår dato:  
31.08.2020

### Uttale til varsel om oppstart av planarbeid for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik Gbnr. 188/ 406, 420 og 802 mfl. PlanID 4631 2020 002 – Alver kommune

Vi viser til dykkar brev datert 19.06.2020 og uttalefrist 11.09.2020.

#### Saka gjeld

Saka gjeld varsel om oppstart av planarbeid for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustader i Knarvik, gnr. 188 bnr. 406, 420 og 808 mfl.. Planområdet er på om lag 93 daa og ligg i den søraustlege delen av Knarvik. Initiativtakar for detaljreguleringsplanen er Eigedomsforvaltning i Alver kommune.

Bakgrunnen for planarbeidet er at det skal byggast fleire bygg i kommunal regi i Knarvik sentrum i åra framover. Alver kommune skal byggje nytt reinseanlegg, omsorgsbustader for rus og psykiatri og pumpestasjon i tilknytning til reinseanlegget I samband med realisering av områdeplanen for Knarvik er det behov for mellombelse parkeringsplassar ved Helsehuset, samt å vurdere køyretilkomst til felt o\_BOP2.

Delar av planområdet som ligg innanfor områdeplan Knarvik:

- Robuste bustader, offentleg tenesteyting, o\_BOP3 ved Kvassnestemma.
- Reinseanlegget, offentleg tenesteyting, o\_BIN 5 ved Kvassnesstemma
- Mellombels parkering. Delar av offentleg tenesteyting o\_BOP2 og allmenning i felt o\_ST3.
- Vurdering av endra avkøyrse til offentleg tenesteyting o\_BOP2
- Delar av friområdet rundt Kvassnesstemma.

Postadresse  
Statens vegvesen

Telefon: 22 07 30 00

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Org.nr: 971032081

Delar av planområdet som ligg innanfor kommunedelplan for Knarvik–Alversund med Alverstraumen (2019 – 2031):

- Pumpestasjonen ved Kvassneset avsett til andre bygg og anlegg.
- Friområdet ved Kvassneset

Statens vegvesen sitt ansvar i planarbeidet er først og fremst knytt til arealbruken langs riksveg. Vi har også ansvar for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar vert ivaretekne i planlegginga. Til denne planen uttalar vi oss som forvaltar av riksveg og som statleg fagstyresmakt med sektoransvar innanfor vegtransport.

### **Generelle krav til planarbeid**

Statens vegvesen legg til grunn at verknadene planløysingane vil ha for vegtransport og vegnett vert utgreia og kjem tydeleg fram av planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og eventuell konsekvensutgreiing. Dette gjeld generelt:

- trafiksikkerheit for ulike trafikantgrupper
- tilkomstløysningar
- forventa trafikkmengd og kapasitet på vegnettet
- trafikkmønster og reisemiddelfordeling
- parkeringsdekning og -behov
- framkomelegheit for ulike trafikantgrupper
- ivaretaking av ovannemnde omsyn i anleggsperioden

Eventuelle konsekvensar for utvikling, drift og vedlikehald av vegnettet og for samordna bustad -, areal- og transportplanlegging, universell utforming, trafiksikkerheit og framkomelegheit må utgreiast. For meir utfyllande informasjon om utgreiingskrava viser vi til Statens vegvesens handbok V744.

### **Konkrete innspel til dette planarbeidet**

Området har tilkomst frå kommunal veg, via kryss E39. Tilhøva i krysset er pr. i dag prega av vegstenging og pågåande byggearbeid i området.

Etablering av ei oval rundkøyring på E39 jfr. reguleringsplan PlanID 1263–201704 var i utgangspunktet ein føresetnad for å kunne etablere Helsehuset i Knarvik. Prosjektet rundkøyring er forsinka, men Statens vegvesen reknar med å få lagt ut anbodet i løpet av denne hausten. Ein tar sikte på oppstart seint i 2020 og ei byggetid på 2 år.

I samband med dette arbeidet vil trafikken måtte leggjast om. Tilhøva ligg antakeleg ikkje til rette for omfattande anleggstrafikk parallelt med dette. Reguleringsplanen for reinseanlegg, pumpestasjon og robuste bustadar i Knarvik må difor ha eit spesielt fokus på behovet for rekkjefølgjekrav i høve til tidspunkt for oppstart. Vidare må det gjerast greie for korleis

anleggstrafikken skal avviklast og ikkje minst korleis mjuke trafikantar i området skal ivaretakast byggjeperioden.

Statens vegvesens uttale til varsel om oppstart er ikkje uttømande. Når eit planframlegg vert lagt ut til offentleg ettersyn, vil vi kunne kome med ytterlegare innspel og merknader.

Transport vest, Transportforvaltning 3

Med helsing

Sindre Lillebø  
seksjonsleiar

Ingelin Garen  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi

FYLKESMANNEN I VESTLAND, Njøsavegen 2, 6863 LEIKANGER  
Vestland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 BERGEN